



Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 9/26
Møtedato: 10.02.2026
Journalnummer: 2026/1508

Orientering om innføring av ny disputasordning

Bakgrunn:

Hausten 2024 oppnemnde fakultetet ei arbeidsgruppe for å vurdere og kome med forslag til endringar i ordninga for prøveførelsing og disputas ved Det juridiske fakultet. Arbeidsgruppa vart oppnemnt i møte i Forskningsutvalet (FU) 27.08.2024 (sak [56/24](#)), og bestod av:

- Dåverande prodekan for forskning Ragna Aarli (leiar)
- Ph.d.-programleiar Jørn Jacobsen
- Stipendiat Tollef Otterdal Heggen
- Postdoktor Linda Midtun
- Ph.d.-koordinator Karoline Aksnes (sekretær)

I etterkant av FU-møtet vart arbeidsgruppa vidare styrka med Ingrid Birce Müftüoglu og Maja Nilsen (Nilsen som vikar for Aksnes i perioden 1. februar til 30. april).

Bakgrunnen for utnevning av arbeidsgruppa var mellom anna at fakultetet ønska å drøfte korleis ein i større grad kan samle fagfellesskapet kring prøveførelsingar og disputasar. Fakultetet ønska særskilt å utforske moglegheiter for å gjere prøveførelsinga meir tilgjengeleg for eit større publikum ved å halde den på eit tidlegare tidspunkt enn disputasen, og på denne måten skape ei større grad av merksemd og eigenverdi. Andre tema fakultetet ønska å adressere var kor vidt det var ønskeleg med strømming og/eller opptak av prøveførelsing og disputas, og tiltak for å gjere avhandlingsteksten meir tilgjengeleg for publikum i samband med disputas.

Forskningsutvalet slutta seg til arbeidsgruppa sine forslag i Rapport om ordninga for prøveforelesning og disputas (vedlegg 1) i møte 03.06.2025 ([27/25](#)). Rapporten blei vidare presentert for Fakultetsstyret som ba FU gå vidare med ny ordning for prøveforelesning og disputas i møte 17.06.2025 ([48/25](#)).

Erfaring og evaluering:

Hausten 2025 gjennomførte fakultetet ein pilot-versjon av den nye disputasordninga då Monica Naime disputerte for ph.d.-graden. Prøveførelsinga til Naime vart gjennomført 4

veker før disputasen, og knytt opp mot eit emne på studiet slik at det vart naturleg å invitere studentar som publikum. Prøveførelsinga vart halden i auditorium 1 med godt oppmøte. Reaksjonar i etterkant frå doktorand, publikum og fagmiljø på den nye ordninga for prøveførelsing har vore svært positive.

Disputasen vart halden 30. oktober 2025 i det formatet rapporten frå arbeidsgruppa skisserte. Dei tydlegaste endringane frå tidlegare er:

- At komiteen no kun treng å vere til stades ein dag i staden for to dagar slik vi har vore vant til frå tidlegare. I tillegg til at dette sparar ressursar forleinklar det også prosessen med å finne disputasdato som høver for alle deltakarar.
- At doktoranden sjølv presenterer eiga avhandling på disputasen. (Tidlegare har førsteopponent presentert avhandlinga til doktoranden.)
- At fakultetet tilbyr streaming og/ eller opptak av både prøveførelsing og disputas. Det er doktoranden sjølv som avgjer kven som skal ha tilgang til streaminglenke og opptak.
- At fakultetet bestiller inn færre fysiske eksemplar av avhandlinga, og til gjengjeld gjer avhandlinga tilgjengeleg for publikum i digital «read only» versjon.
- At fakultetet organiserer ei mottaking for doktorand og publikum direkte etter disputasen.

Piloten gav fakultetet nyttig erfaring som gir grunnlag for vidareutvikling av rutinar for gjennomføring av prøveførelsing og disputas. I møte 20. januar 2026 vedtok FU mindre endringar i den nye ordninga basert på erfaring og evaluering etter piloten (saksnotat vedlegg 2.) Endringane går på samansetjinga av prøveførelsingskomiteen og tidsplanen for disputasen. I tillegg vart informasjonsdokumentet om innlevering og disputas som fakultetet sender ut til kandidat og komité oppdatert til å samsvare med den nye ordninga (vedlegg 3).

Kommentar frå dekan/ fakultetsdirektør:

Arbeidet med å utvikle ei ny disputasordning er eit viktig steg i det kontinuerlege arbeidet med å styrkje både kvaliteten og effektiviteten i fakultetet sine prosessar. Den grundige gjennomgangen som arbeidsgruppa har gjort av dagens praksis og dei behova som har meldt seg, har resultert i ei løysing som både vernar om den faglege integriteten og legg betre til rette for deltaking frå fagmiljø, studentar og publikum.

Det er samstundes viktig å peike på at dei nye ordningane gir betre ressursbruk og meir føreseielege prosessar. Reduksjonen frå to til éin dag for komiteens tilstadevering er eit godt døme på korleis vi kan effektivisere utan at det går utover kvaliteten. Vidare har endringa som inneber at doktoranden sjølv presenterer avhandlinga si, styrkt disputasen som ein sjølvstendig og fagleg arena for kandidaten.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tek saka om innføring av ny disputasordning til orientering.

Vedlegg:

1. Rapport om ordninga for prøveforelesning og disputas
2. Saksnotat FU om mindre endringar i ordninga for prøveforelesning og disputas
3. Oppdatert versjon av informasjonsdokumentet om innlevering og disputas

Sigrid Eskeland Schütz
dekan

Peter Woldseth
fakultetsdirektør

29.01.2026
KARAKS